



Hordaland Venstre Fylkestingsgruppa

Årsmelding 2017 Venstre si fylkestingsgruppe i Hordaland

1. Oppsummering frå gruppeleiaren

Venstre var i 2016 med på budsjettet som vart vedteke for 2017.

Vi er likevel i opposisjon, men er blokkuavhengig. Vi fremmer og jobbar for vår politikk i fagutval, fylkesutval og i fylkestinget.

Målet er til ei kvar tid å levere på det programmet vi er vald på. Vi opplever godt samarbeid med lokallaga i saker der kommunar er part eller det vil påverke .

Eg vil også i år oppmode til å ta kontakt, gje innspel til oss i fylkestingsgruppa og inviter oss gjerne på besøk. Vi er best når vi jobbar saman, og fylkestingsgruppa treng innspel på saker for å kunne få dei fram.

2. Samansetning og representasjon

I 2017 har følgjande representert Venstre i Hordaland fylkesting:

Fylkestingsrepresentantar

Anne – Beth Njærheim	Gruppeleiar, medlem av fylkesutvalet
Geir Kjell Andersland	Medlem av utval for Kultur, Idrett og Regional utvikling (KIRU)
Geir Angeltveit	Medlem av utval for Miljø og samferdsle (MISA)

Vararepresentantar

Elizabeth Toft Erichsen	Medlem av utval for Opplæring- og Helse (OPHE),
varamedlem KIRU	
Torstein Gunnarsson	Varamedlem MISA
Ingrid Handeland	Varamedlem MISA
Bjørnar Hamre	Varamedlem OPHE

3. Organisering og arbeid

Gjennom året har fylkestingsgruppa hatt gruppemøter i forkant av fylkesting og møta i utval for miljø og samferdsle og utval for opplæring og helse. Gruppa har hatt både fysiske møter, men har og hatt ei god del møter pr. telefon.

Alle fylkestingsrepresentantar, dei to øvste vararepresentantane, Hordaland Unge Venstre og Hordaland Venstre vert invitert. Fylkestingsgruppa er glad for at leiaren i HUV er til stades på gruppemøta, og set stor pris på samarbeidet med ungdomspartiet.

Gjennom året har samarbeidet med fylkesstyret i Hordaland Venstre fungert godt. Gruppeleiar eller ein anna representant for gruppa har møtt på dei fleste styremøter i fylkeslaget.

Elizabeth Toft Erichsen var tilsett som sekretær for fylkestingsgruppa i 25% stilling heile året.

Politikk:

Innanfor samferdslepolitikken har HV stått for å løfta fram kollektivtrafikken. I budsjett samarbeidet for 2017 med posisjonen fekk Venstre gjennomslag for ei endring av talet på takstsonar. Dette arbeidet har i løpet av året vore gjennomgåande og i fylkestinget i juni vart forslag om 7 sonar presentert. I løpet av 2018 vil vi gå frå 470 sonar til 7 sonar, eit stort og viktig steg for å få fleire til å nytte kollektivtilbod.

Bybanen har vore tema for fleire saker det siste året. Finansiering gjennom statsbudsjettet og byvekstavtalen/Milljøløftet med staten fører til at prosjektet har framdrift. Drift av bybanen var tema der ein såg på om ein skulle overføra drifta til offentleg regi under Bybanen AS. Fylkestinget enda opp med å halda på anbudsregimet i Bybanedrifta.

Venstre har og løfta miljøkrav til taxiar i Bergen, og det vil kome miljøkrav til desse etterkvart etter at Venstre fekk gjennomslag for lovendring i 2017.

Innanfor opplæring – og helse har NDLA (*Nasjonal digital læringsarena*) prega 2017. I utvalet har vi hatt inne både kritikarar og forkjemparar, for at vi skal være godt opplyst om alle sidene i denne saka.

Ny budsjettmodell for dei vidaregåande skulane, elevinspektør ordninga og fagskulane er blant saker som har vore utfordrande men og spennande saker vi har jobba med i løpet av året.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling har eit breitt politisk arbeidsfelt. Forutan kultur- og idrettssaker, tek utvalet stilling til kommunedelplanar og småkraftverk. Venstre har vore oppteken av å finne god balanse mellom omsynet til lokaldemokratiet og best mulig regional utvikling. Fylkestingsgruppa har i dette arbeidet hatt eit tett samarbeida med Venstres lokalpolitikarar. Vidare har Venstre arbeida aktivt med fremming av Hordaland si landsleiarande rolle på kulturfeltet, og kor viktig idretten er for folkehelsa. Venstre meiner at kunst og kultur er føresetnader for eit godt sosialliberalt samfunn. Investering i kultur er også en investering i demokrati og allmenndanning. En god kulturpolitikk fremmer både ytringsfridom og eit mangfald av ulike aktørar på feltet.

I budsjett for 2018 valde vi å fremme eige budsjett med våre viktigaste prioriteringar. Vårt budsjett har overskrifta førebygging og helsefremjing, det har vore viktig for Venstre å ha fokus på områder som kan bidra til politikk med tiltak som fremjar folkehelse i alle politikkområder. Vi er og oppteken av at og dei unge skal nytte kollektivtrafikk, og la inn frys på studentkortet og ungdomskortet på 20 år.

Venstre si fylkestingsgruppe beklagar at fylkestingets fleirtall, i motsetning til Venstres budsjettforslag, ikkje ville sette av nok midlar til å gjere Sentralbadet i Bergen om til nytt scenekunsthuss for Carte Blanche og BIT Teatergarasjen.

Om dette prosjektet no ikkje vert ein realitet og dei to kunstinstitusjonane må forlate Bergen, har fylkestinget bidrege til ein kulturpolitisk fallitt.